

## Møteprotokoll

---

**Utval:** Kinn kontrollutval  
**Møtestad:** Måløy Rådhus, Formannskapsalen  
**Dato:** 16.02.2022  
**Tid:** Kl. 10:15 – 15:20

---

**Medlemmar som møte**

Aud Norunn Vig  
Bjørn Hollevik  
Kjell Heggen

**Representerer**

**Funksjon**

medlem  
nestleiar  
leiar

**Forfall**

Helen Hjertaas  
Tom Andre Hopland

**Representerer**

**Varamedlem**

Inger Grete Dalehamn  
Nils Isak Myklebust

**Representerer**

**Andre som møte**

Vest kontroll:  
Jostein Støylen. Dagleg leiar.

Vestland Revisjon:

Charles Litsheim. Revisjonssjef forvaltning. Frå sak 03 - OS 05 og spesielt i sak 06/22.

Måløy Vekst AS:

Randi Humborstad. Dagleg leiar. I sak 03 OS01.

Kommunen:

Terje Heggheim. Kommunedirektør. I sakene 01 – 03 OS03.

Runa Nybakk. Kommunalsjef Oppvekst og utdanning. I 03 OS04 - OS05 – OS06 – OS07.

## Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Arkivsaksnr.</b>
01/22	Godkjenning av innkalling og sakliste	22/6
02/22	Godkjenning av protokoll	22/6
03/22	Orienteringar	22/6
04/22	Skriv og meldingar	22/6
05/22	Forenkla etterlevingskontroll 2021 Kinn - Rapport	21/549
06/22	Bestilling av prosjektplan for nytt forvaltningsprosjekt	22/88
07/22	Årsmelding for kontrollutvalet 2021	22/67
08/22	Møteplan for kontrollutvalet 2022	22/68
09/22	Årsplan for kontrollutvalet 2022	22/70
10/22	Saker til eventuell seinare behandling	22/6
11/22	Godkjenning av protokoll frå møtet 02.12.2021	21/545

Måløy, 22.02.2022

Kjell Heggen  
Leiar

## 01/22 Godkjenning av innkalling og sakliste

### Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste.

### Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste.

## 02/22 Godkjenning av protokoll

### Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå siste møtet.

### Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå siste møtet.

## 03/22 Orienteringar

### Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
01/22	Måløy Vekst. Orientering
02/22	Kommunedirektøren. Orientering om avtale Bistro To Kokker - Samfunnshuset
03/22	Kommunedirektøren. Orientering om forsikring ved datainnbrot
04/22	Kommunalsjef for Oppvekst og utdanning. Generell orientering om sektoren
05/22	Kommunalsjef for Oppvekst og utdanning. Orientering om innføring av ny barnevernsreform
06/22	Kommunalsjef for Oppvekst og utdanning. Orientering om PPT
07/22	Kommunalsjef for Oppvekst og utdanning. Orientering om tiltak mot mobbing i skuleverket

### Vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringane til vitende.

Kontrollutvalet registrer at kommunedirektøren orienterer i neste møte om avtalen med Bistro To Kokker.

### Behandling:

Orientering 01: Måløy vekst. Dagleg leiar Randi Humborstad orienterte og svara på spørsmål. Viser til PowerPoint som vert lagt på saka.

Orientering 02: Avtale Bistro To Kokker - Samfunnshuset. Kommunedirektør Terje

Heggheim opplyse at avklaringsmøtet som skulle haldast måtte avlysast grunna sjukdom. Han vil ta endeleg orientering på neste møte for då må avtalen vere på plass.  
Orientering 03: Forsikring ved datainnbrot. Kommunedirektør Terje Heggheim orienterte om sine undersøkingar. Det er dekning for 5 mill. i formuetap. Ikkje forsikring å få på cyberangrep. Han følger opp saka med dei ande kommunedirektørane i Vestland og vidare til KS.

Kommunalsjef for Oppvekst og utdanning Runa Nybakk orienterte om (PowerPoint frå orienteringane vert lagt på saka:

Orientering 04: Generelt om sektoren Oppvekst og utdanning

Orientering 05: Ny barnevernsreform

Orientering 06: Orientering om PPT

Orientering 07: Mobbing i skuleverket

**Dagleg leiar si tilråding:**

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitende.

## 04/22 Skriv og meldingar

**Underliggende sak:**

Saksnr.	Tittel
01/22	KMD-Forskrift om lukking av møte
02/22	Kontrollutvalsboka 3-utgave
03/22	Kritiske spørsmål i jobbsamheng
04/22	Råd om etisk standard i foretak og selskap
05/22	Tredobling av antall dataangrep i 2021
06/22	Uavhengigheitsvurdering for 2022
07/22	Rapport frå forvaltningsrevisjon IKT- tryggleik og beredskap - Stryn kommune

**Vedtak:**

1. Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.
2. Kontrollutvalet viser til Kinn kommune – Eigarstrategi vedteke i kommunestyret 06.11.2019 sak 035/19 pkt 4.2.6 om Samfunnsansvar og etikk og vedlegg 4 i saka. Etikk er eit område som skal ha stort fokus ikkje berre i kommunen, men og i kommunale føretak og selskap som kommunen er engasjert i. Dette ikkje minst for å bevare eit godt omdøme.
3. Kontrollutvalet viser vedlegg 7 Rapport frå forvaltningsrevisjon IKT - tryggleik og beredskap - Stryn kommune og ber om kommunedirektøren sin kommentar dersom problemstillingane gjaldt Kinn kommune.

**Behandling:**

Revisjonssjef for forvaltningsrevisjon i Vestland revisjon Charles Litsheim orienterte frå Forvaltningsrevisjonsrapporten IKT - tryggleik og beredskap - Stryn kommune.

**Dagleg leiar si tilråding:**

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

## **05/22 Forenkla etterlevingskontroll 2021 Kinn - Rapport**

### **Vedtak:**

Kontrollutvalet viser til Attestasjonsuttale og Rapport av 03.12.2021 om forenkla etterleving av retningslinjer og vedtak for økonomiforvaltninga, og tek til vitende at kommunen har etterlevd Forskrift om eigenandel for kommunale- helse og omsorgstenester på området rutinar vederlagsberekning og etterutrekning for langtidsopphald på institusjon.

### **Dagleg leiar si tilråding:**

Kontrollutvalet viser til Attestasjonsuttale og Rapport av 03.12.2021 om forenkla etterleving av retningslinjer og vedtak for økonomiforvaltninga, og tek til vitende at kommunen har etterlevd Forskrift om eigenandel for kommunale- helse og omsorgstenester på området rutinar vederlagsberekning og etterutrekning for langtidsopphald på institusjon.

## **06/22 Bestilling av prosjektplan for nytt forvaltningsprosjekt**

### **Vedtak:**

Kontrollutvalet ber Vestland revisjon utarbeide prosjektplan for eit forvaltningsprosjekt for korleis kommunen følgjer opp FN sine krav om berekraftige mål, då avgrensa til vatn og avløp. Kontrollutvalet tek endeleg standpunkt til bestilling når prosjektplanen ligg til behandling i neste møte.

### **Behandling:**

Sekretariatet opplyste at det var noko mangel i gjengjett vedtak i plan for forvaltningsrevisjon i saka og las opp det som ikkje var kome med.

## **07/22 Årsmelding for kontrollutvalet 2021**

### **Vedtak:**

Kontrollutvalet sender saka over til kommunestyret med følgande forslag til vedtak: Kommunestyret godkjenner årsmeldinga 2021 for kontrollutvalet.

### **Dagleg leiar si tilråding:**

Kontrollutvalet sender saka over til kommunestyret med følgande forslag til vedtak: Kommunestyret godkjenner årsmeldinga 2021 for kontrollutvalet.

## **08/22 Møteplan for kontrollutvalet 2022**

**Vedtak:**

Kontrollutvalet vedtek møteplan for kontrollutvalet 2022 i samsvar med sekretariatet sitt forslag.

**Dagleg leiar si tilråding:**

Kontrollutvalet vedtek møteplan for kontrollutvalet 2022 i samsvar med sekretariatet sitt forslag.

## 09/22 Årsplan for kontrollutvalet 2022

**Vedtak:**

Kontrollutvalet vedtek årsplanen for 2022 slik den ligg føre.

**Dagleg leiar si tilråding:**

Kontrollutvalet vedtek årsplanen for 2022 slik den ligg føre.

## 10/22 Saker til eventuell seinare behandling

**Vedtak:**

Orienteringane frå leiaren i kontrollutvalet vert teken til vitende.

**Behandling:**

Leiaren i kontrollutvalet Kjell Heggen orienterte om opplysningar han har gitt ordførar og kommunestyre vedkomande val av medlemmer til kommunale selskap og kommunale føretak, samt at kontrollutvalssak 65/21 frå møte 02.12.2021 Offentleggjering av opplysningar unnateke frå søkjarliste enno ikkje var sett på kommunestyrekartet som referatsak, slik kontrollutvalet bad om.

## 11/22 Godkjenning av protokoll frå møtet 02.12.2021

**Vedtak:**

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 02.12.2021.

**Dagleg leiar si tilråding:**

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 02.12.2021.